Osterøy Utvikling

# Aktivitetsrapport 2022-2023



VÅRE PRIORITERTE BEREKRAFTSMÅL

Mål 8:
Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Mål 9:
Industri, innovasjon og infrastruktur

Mål 12:
Ansvarleg forbruk og produksjon

Mål 17:
Samarbeid for å nå måla

Denne rapporten viser aktivitetane Osterøy Utvikling AS har hatt i 2022 og fram til sommaren 2023.

# INNHALD

Strategi - Satsingsområde - Samarbeidspartnarar


3 Me gjer det enklare å lukkast på Osterøy
Om Osterøy Utvikling

4 Me skal vere næringslivet sin føretrekte møteplass og nettverksarena
Osterøy Utvikling sin strategi

5 Samarbeid er nøkkelen for å lykkes
Melding frå styreleiar

6 Nokre nøkkeltal på demografi og næringsliv

8 Kompetansesenter for robotteknologi (KORT)

9 Robotklyngesatsing på Osterøy og Vestland

10 Samarbeid med Industriutvikling Vest

11 Dialog og samarbeid med alle relevante aktørar innan næringsutvikling

12 Reiselivssatsing

14 Aktivitetar i 2022

16 Aktivitetar i 2023

18 Korleis vil fremtidas landbruk på Osterøy sjå ut?
Om prosjektet «Retenke landbruket»


# Me gjer det enklare å lukkast på Osterøy

Det er gledeleg at Osterøy Utvikling no vert spissa mot næringsutvikling og skal vera kommunen sitt operative verktøy for å fremje og utvikla næringslivet på Osterøy.

Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt.

Selskapet kan og arbeide med eigedomsforvaltning og eigedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan gå føre seg i eigen regi eller i samarbeid med andre.

Selskapet har sitt forretningskontor i Næringssmia i Lonevåg på Osterøy.




**Styret**

I styret har det vore sju medlemmer, tre kvinner og fire menn:


Tanja Knabenschuh Hoel
Styret sin leiar


Johannes Bysheim
Styret sin nestleiar


Veronica Ahmer


Ruth Vigdis Brusdal


Bjørn Øvsthus


Trond Lillejord


Dan Even Fjellskål

# Me skal vere næringslivet sin føretrekte møteplass og nettverksarena

## OSTERØY UTVIKLING SIN STRATEGI OPPSUMMERT

**MISJON**
Me skal vere ein pådrivar for utviklinga av eit framtidsretta og attraktivt næringsliv på Osterøy ved å yte starthjelp og vere rådgivar, opplysar, koordinator og ambassadør for næringslivet

**VISJON**
Me gjer det enklare å lukkast på Osterøy

**AMBISJON**
Vere næringslivet sin føretrekte møteplass og nettverksarena

**STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE**
- 1 Utarbeida og implementera ein solid forretningsmodell for Osterøy Utvikling
- 2 Styrke kompetanse og samarbeid mellom bedrifter
- 3 Synleggjere næringslivet på Osterøy

**PRIORITERTE BEREKRAFTSMÅL**
- Mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 9: Industri, innovasjon og infrastruktur
- Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 17: Samarbeid for å nå måla

### Finansiering og framtidsutsikter
Sjølv om det no er brei semje både hos eigar og næringslivet på Osterøy om at selskapet skal leie arbeidet med næringsutvikling på Osterøy, er framtidsutsiktene til selskapet framleis usikre som følgje av manglande langsiktig finansiering til drifta.

Selskapet får pt. ikkje driftstilskot frå Osterøy kommune, men fekk i 2021 overført eit kapitaltilskot på rundt 4 millionar.

Ein vesentleg del av driftsinntektene er knytt til eigedomsaktiviteten i selskapet kor leigeinntekter frå omsorgsbustader i Haus utgjer hovuddelen. I tillegg kjem konsernbidrag frå dotterselskapet Lonevåg Utvikling AS som eig «Næringssmia» i Lonevåg. Selskapet fekk i 2021 driftstilskot på kr 300 000 av Osterøy Industri- og Næringslag for 2021 og 2022.

### Organisasjon
Selskapet har berre ein tilsett. Såleis er ein sårbar både med høve til kapasitet og kompetanse. På sikt er målet å få økt kapasitet gjennom fleire tilsette både i drift og i prosjekt. Selskapet si daglege leiing vert gjort av dagleg leiar, med hjelp til rekneskapsførsel frå eksternt rekneskapsbyrå.

### Dotterselskapet Lonevåg Utvikling AS
Lonevåg Utvikling AS er eigd 100% av Osterøy Utvikling AS. Verksemda eig og driv eit forretningsbygg i Lonevåg sentrum i Osterøy kommune. Verksemda vert drive frå morselskapet Osterøy Utvikling si kontoradresse i Næringssmia i Lonevåg.

Leigeavtalen med Sparebanken Vest løpar frå 01.08.23 årleg, men berre på 112 m2 i fyrste etasje.

Osterøy Utvikling leiger resten av fyrste etasje og heile andre etasje til bruk til «Næringssmia». Visjonen er å skape ein møteplass der eksisterande næringsliv og gründerar kan treffast og der mindre verksemder og personar kan leige kontorplass.



*Tobby Sander Tomassen er dagleg leiar for Osterøy Utvikling.*





*Robotsamling i samarbeid med KORT med lærere fra Osterøy vgs, Voss vgs og Fagskulen Vestland, ulike bedrifter fra industri, bygg & anlegg, representanter fra helse og omsorg både i Osterøy kommune, fra Region Nordhordland og E-Helse Vestland, samt deltakere fra IUV og Vestland fylkeskommune.*

# Samarbeid er nøkkelen for å lykkes

**For første gang i moderne tid, vil vi fra midten av 2030 oppleve at antallet personer i yrkesaktiv alder faller. I absolutte tall. Som det ble sagt da Helsepersonellkommisjonen fremla sin rapport tidligere i år: «Vi går tom for folk før vi går tom for penger».**

Mange av bedriftene i Osterøy konkurrerer globalt og i arbeids- og kompetanseintensive bransjer. Norge har et høyt lønnsnivå, hvilket stiller krav til høy produksjonseffektivitet per arbeider for å opprettholde konkurransedyktigheten relativt til internasjonale konkurrenter. Å opprettholde og øke effektiviteten og konkurransedyktigheten er kritisk for å bevare arbeidsplasser og viktige hjørnesteinsbedrifter i kommunen.

Nordmenn blir også stadig eldre, og pensjonsutgifter, samt utgifter til pleie- og omsorgstjenester ventes å øke kraftig. Med en stadig økende eldre befolkning, og en lavere andel i arbeidsfør alder ventes de offentlige kostnadene å øke mer enn inntektene fremover, gitt dagens velferdsnivå. Et fremtidssamfunn med bærekraftige velferdsordninger stiller krav til ny kompetansebygging i arbeidslivet og økt effektivisering gjennom innovasjon og nye samarbeidsmodeller. Slik kan vi utnytte de tilgjengelige arbeidsressursene på en bedre måte.

Samtidig har USA og Asia lagt til rette for enorme grønne tiltakspakker. Kunstig intelligens som «Chat GPT» revolusjonerer hvordan vi deler og bruker data og informasjon. Vi står ovenfor et grønt og digitalt taktskifte som verden aldri før har sett maken til.

Aldri før har det vært viktigere å sikre attraktive lokalsamfunn, gode vekst og rammevilkår for lokalt næringsliv. Samarbeid er nøkkelen for å lykkes.
Osterøy kommune har tatt et viktig grep gjennom Osterøy Utvikling. En fasilitator for å styrke samarbeidet mellom det lokale næringslivet, kommunen, lokale gründere og kompetansemiljøene.

Da Næringsministeren besøkte Osterøy i 2022, var han helt vill av begeistring. Det som vakte oppsikt, var hvor ledende næringslivet på Osterøy var på bruk av industriroboter.

Industriroboter har vært benyttet i Osterøys industriproduksjon siden 1979, og er i dag en viktig del av øyens næringsliv. Robotisering er en forutsetning for flere av bedriftenes konkurransedyktighet og overlevelsesmuligheter. Næringslivet på øyen har tilegnet seg en betydelig kompetanse og erfaring innen robotisering.

I tiden fremover er det viktig å forvalte den kompetansen som Osterøy bedriftene har etablert gjennom Robotsenteret til et komparativt fortrinn for kommunen og regionen.

Derfor har Osterøy Utvikling sammen med Kompetansesenteret for robotteknologi (KORT), kommunen og det lokale næringslivet samarbeidet for den videre utvikling av et kompetansenettverk for robotteknologi i Vestland.

Prosjektet skal skalere og modne et kompetansenettverk innen robotisering og automatisering i Vestland med formål om å øke verdiskapingen i næringsliv og offentlig sektor.

Dette kan bidra til å skape et nytt industrielt eventyr på Osterøy. Skal vi lykkes, må vi alle spille på lag sammen.

På vegne av styret i Osterøy Utvikling ønsker vi å takke Osterøy kommune og våre samarbeidspartnere for støtten og samarbeidet i 2022.

Leiar i styret
**Tanja Hoel**

# Osterøy deler en utfordrende demografisk utvikling med de fleste distriktskommunene i Norge og Vestland

**Geografi**
Osterøy er Norges største innlandsøy og ligger like nordøst for Bergen, i Vestland fylke. Øyen er delt i to kommuner, Osterøy kommune og Vaksdal kommune



## Osterøys tre hovedutfordringer

1. Aldrende befolkning
2. Lavere andel i arbeidsfør alder
3. Begrenset tilgang på kritisk kompetanse




**Befolkning**
Selv om Osterøy kommune venter en voksende befolking i årene fremover vil andelen av befolkningen som er over 65 år øke med 50 % frem mot 2050, mens befolkningen i arbeidsfør alder ventes å reduseres. Den endrede alderssammensetningen stiller nye krav til effektivisering i næringslivet. Osterøy har den utfordrende utviklingen, med en aldrende befolkning og lavere andel i arbeidsfør alder til felles med de fleste distriktskommuner i Norge og Vestland.

## Sysselsetting




Osterøys næringsliv preges av mange små og mellomstore bedrifter, med lav sysselsetting innen primærnæringene, men høy sysselsetting innen sekundær- og tertiærnæringene. Det er få arbeidsplasser for arbeidstakere med høyere utdanning.

## Høyeste fullførte utdanning




Osterøy har ca. 40 % lavere andel av befolkning med høyere utdanning enn landssnittet, men har en sterk tradisjon for yrkesfag. Sterke yrkesfaglige linjer i videregående utdanning gjenspeiler arbeidsmarkedet på Osterøy godt.

Source: SSB - Virksomheter etter næringshovedområde og antall ansatte



# Næringslivet på Osterøy preges av enkelte nøkkelsektorer, industrien er én av de viktigste

| Bedrift | Verdiskaping * (kr) | Antall ansatte |
|---|---|---|
| **LONEVÅG BESLAGFABRIKK AS** | **115 990 000** | **123** |
| HELGESEN TEKNISKE BYGG AS | 87 919 000 | 82 |
| SJØTROLL HAVBRUK AS | 66 354 000 | 44 |
| **TYSSE MEKANISKE VERKSTED AS** | **63 160 000** | **69** |
| LERØY FOSSEN AS | 62 224 000 | 136 |
| **GUNNEBO ANJA INDUSTRIER AS** | **60 407 000** | **69** |
| **MJØS METALLVAREFABRIKK AS** | **50 831 000** | **67** |
| SYSTEM TRAFIKK AS | 49 743 000 | 60 |
| NORTH SEA SEAFOOD AS | 43 534 000 | 26 |
| **K LERØY METALLINDUSTRI AS** | **35 723 000** | **68** |

Næringslivet på Osterøy preges av noen næringer, og den private verdiskapingen domineres tydelig av bygg og anlegg, industri og marin sektor.

Fem av bedriftene med høyest verdiskaping på Osterøy (markert med fet skrift i tabellen) har tatt i bruk roboter i sin produksjon, hvilket understreker robotiseringens kritiske rolle og potensialet knyttet til videre robotisering og automatisering.

Bedriftene er sterke bidragsytere til både verdiskaping og sysselsetting i Osterøy kommune.

## Verdiskaping på Osterøy*

Verdiskapingen som skjer på Osterøy er primært knyttet til tettstedene, med spesielt høy verdiskaping i og rundt Lonevåg og Valestrandsfossen.

Verdiskaping er definert som driftsresultat (driftsinntekter minus driftskostnader), pluss lønnskostnader, avskrivninger og nedskrivninger.

Statistikk og data fra 2021.




Utdrag fra EY rapport utarbeidet på oppdrag fra Osterøy Utvikling: "Robotklygesatsingen på Osterøy og i Vestland - strategi og veikart for en helhetlig satsing innen robotisering og automatisering".

# Osterøy har sitt eige Kompetansesenter for robotteknologi

*«Osterøy Utvikling har vore ein viktig bidragsytar til at senteret vart revitalisert.»*

*Vidar Tufteland, tidlegare rektor på Osterøy vidaregåande skule.*

**Hausten 2021 gjorde Osterøy Utvikling ei viktig koplerrolle mellom Osterøy vgs, fem sentrale produksjonsbedrifter på Osterøy og Industriutvikling Vest. Skulen fekk tildelt prosjektmidlar frå Vestland Fylkeskommune med ei ramme på 4,8 millionar kroner over tre år, finansiert av eit spleiselag mellom fylkeskommunen og dei fem bedriftene. Prosjektet vart satt i gang våren 2022 etter tilsetting av dåverande rektor Vidar Tufteland som prosjektleiar.**



*11.mars 2022 var næringsminister Jan Christian Vestre på Osterøy vidaregåande skule og opna Kompetansesenteret for robotteknologi.*

KORT byggjer eit kompetansenettverk for robotteknologi, innoverer utdanningsprogramma, og gjer jobbmoglegheiter synlege for unge og vaksne.

Dei arbeider for eit viktig formål - å auke verdiskapinga til næringsliv og offentleg sektor på Osterøy.

Knytt til linja Teknologi og industrifag (TIF) vart det første året satt i gang fleire tiltak for å auke rekrutteringa og fornye og forbetre skulen sine resultat knytt til formidling, og fullføring og bestått. Prosjektet etablerte ein marknadsstrategi for å auka rekrutteringa, gjera skulen og kompetansesenteret synleg i regionen, og innovere utdanninga for teknologi og industrifag. Elevane fekk meir av opplæringa ute i bedrift, i tett samarbeid, oppfølging og støtte frå skulen. Elevane fekk med det, det beste frå kvar bedrift, og ein alternativ opplæringsarena til ordinær praksis i skulen.




Hausten 2022 auka elevtalet på Vg1 Teknologi og industrifag med 50%.

Våren 2023 fullførte og bestod 100% av elevane på Vg2, og alle hadde tilbod om læreplass.

Frå hausten 2023 aukar elevtalet på Vg2 industriteknologi med inntil 300% på Osterøy vidaregåande skule.

Skulen har våren 2023 rekruttert fem nye høgkompetente lærarar til teknologi og industrifag ved skulen.




*Det første året har KORT saman med Osterøy Utvikling utvida nettverket og knytt til seg mange spennande aktørar, og ikkje minst gjort Osterøy og næringslivet på øya godt synleg.*

# Robotklyngesatsing på Osterøy og Vestland

Våren 2023 initierte og finansierte Osterøy Utvikling forprosjektet «Robotklyngesatsinga på Osterøy og Vestland», i tett samarbeid med KORT og EY. Målet var å utarbeida ein strategi og eit vegkart for ei heilskapleg satsing i robotisering og automatisering på Osterøy. Sjølve rapporten tek for seg potensialet knytt til utviklinga av eit kompetansenettverk med utgangspunkt i det sterke robotmiljøet på Osterøy.

Lang og omfattande bruk av industriroboter har sikra Osterøy ein unik posisjon og høg kompetanse innan robotisering og automatisering. I dag har Osterøy Norges høgaste tettleik av industrirobotar.

Rapporten og forprosjektet syner at Osterøy har potensiale til å fylle rolla som premissleverandør i robotteknologi når Vestland skal bli verdiskapingsfylket nummer ein og lukkast i møte med utfordrande demografiutvikling og det grøne skiftet.

**Robotklyngesatsinga på Osterøy skal rette kjerneverksemda inn mot desse tre aktivitetsområda:**

- Utvikling, deling og rekruttering av kompetanse
- Innovasjon, med Osterøy som visningssenter og fremma robotteknologi i Vestland
- Rådgjeving, både kommersiell og ikkje-kommersiell, og ein nettverksbyggjar for å tilby dei beste løysingane

## Satsinga skal befeste Osterøy som eit regionalt og nasjonalt kompetansemiljø for robotisering

Saman med KORT og EY har vi utarbeida ein ambisiøs, men oppnåeleg visjon for robotsatsinga på Osterøy, og eit tilhøyrande strategisk vegkart som skal peika ut vegen for å nå visjonen.

«Robotklyngesatsinga skal befesta Osterøy som eit regionalt og nasjonalt kompetansemiljø for robotisering og automatisering i industri, marin sektor, bygg og anlegg, samt helse og omsorg. Kompetansenettverket skal vera i sentrum for satsinga og nettverke heile verdikjeda på tvers av sektorar og klynger, og gjera Osterøy til ein premissleverandør når Vestland skal lukkast med si omstilling.»

For å løyse utfordringane relatert til globalisering, dekarbonisering og ein aldrande befolkning må man tenkje nytt og nytta tilgjengelege ressurser endå betre. Nettverksbygjing og tverrsektorielt samarbeid innan robotisering og automatisering er ein av nøklane for å lukkast i møte med utfordringane.

Osterøy Utvikling har i samarbeid med KORT, søkt Vestland fylkeskommune om finansiering til eit hovudprosjekt. Dette skal eskalere satsinga og definere konkrete forretningsmoglegheiter, som skal initiere pilotprosjekt i fleire næringar og sektorar på Osterøy og i Vestland. Finansiering- og kostnadsplanen i prosjektet har ei ramme på 3 millionar over 1,5 år, der prosjektet er delt inn i seks strategiske arbeidspakkar.

Prosjektet skal skalere og modne eit kompetansenettverk innan robotisering og automatisering i Vestland med føremål om å auke verdiskapinga i næringsliv og offentleg sektor.

Den høge kompetansen innan robotisering og automatisering gir store moglegheiter, både for industrien og andre sektorar. Ved å utnytte kompetansen som ligg i industrien på Osterøy, kan man skapa nye forretningsmoglegheiter med eit betydeleg verdipotensial, både for Osterøy lokalt, og for Vestland som region.

**Kompetansenettverket skal vera ein døropnar innan kompetanseforvaltning, innovasjon og rekruttering knytt til desse tre satsingsområda:**

- Forretningsmoglegheiter mot hubene i Grøn Region Vestland
- Helse og omsorg
- Bygg og anlegg

# Robotar har vore kritisk for Osterøy sin næringsutvikling




1) Kilde: World Robotics 2022 - Industrial Robots

Osterøy sin posisjon i verdikjeda




Robotar har vore ein viktig del av industriproduksjonen på Osterøy heilt sidan 1979, og gjennom åra har det opparbeida seg ei betydeleg erfaring og kompetanse innan robotisering på Osterøy. For å framleis vera konkurransedyktige, og kunna sikra bedriftene og arbeidsplassane sin vidare eksistens, er det kritisk å halda fram med utviklinga innan robotisering. Framover aukar kompetansebehovet innan robotisering ytterlegare, noko som også gjeld bygg og anlegg, samt helse og omsorg sektoren, samtidig som det framleis vert stilt høge krav til tradisjonell fagkompetanse.

**Utvalde fordelar med robotisering**

1. Auka produktivitet, produksjonstid og effektivitet
2. Forbetra kvalitet og fleksibilitet
3. Betre sikkerheit og lågare belastning på arbeidarar
4. Forbetra ressursutnytting og lågare klimaavtrykk
5. Moglegheit for datainnsamling og prosessforbetring
6. Forbetra kompetansenytting og reduserte kostnadar



*Børge Brundtland i IUV, Kathrin Jakobsen fra Vestland fylkeskommune og ordfører Lars Fjeldstad diskuterer gode innspill til robotklyngesatsingen.*

# Industriutvikling Vest styrker seg på Osterøy

Osterøy Utvikling bidro til at innovasjonsselskapet Industriutvikling Vest (IUV) etablerte seg på Osterøy i 2020. Det startet som et tre-årig prosjekt i SIVA-regi (SIVA SF = Selskapet for industrivekst).

IUV tilbød næringslivet på Osterøy bistand med nyetableringer og jobbet med å få utløst vekstpotensialet i etablerte bedrifter. Resultatene av det tre-årige prosjektet var så gode at fra 2023 ble Osterøy kommune en del av Industriutvikling Vest sitt ordinære arbeidsområde. Osterøy vil få et styrket tilbud i minst fem nye år som allerede er fullfinansiert. IUV jobber med forretningsutvikling og er tett på den enkelte bedrift eller samarbeidende bedrifter.

To milepæler i det organisatoriske samarbeidet mellom IUV og næringslivet på Osterøy fra 2023:

- Osterøy kommune ved Osterøy Utvikling AS bidrar med kr 150.000 i årlig driftsstøtte til IUV.
- Tre Osterøy bedrifter går inn på eiersiden i IUV: Lonevåg Beslagfabrikk AS, Mjøs Metallvarefabrikk AS og Tysse Mekaniske Verksted AS.




### Fem hovedoppgaver for IUV

1. Utvikle bedrifter med vekstpotensial
2. Utvikle gründere
3. Fellesprosjekter for regional næringsutvikling
4. Møte og kursvirksomhet
5. Alminnelig konsulentvirksomhet

*Styret i IUV på bedriftsbesøk hos Norlender.*



### 8 hovedmålsettinger for IUV på Osterøy

1. Skape suksess for næringsutvikling på Osterøy!
2. Bidra til å styrke Osterøy sin nasjonale og internasjonale industrielle posisjon
3. Utvikle produksjonsnettverket for klassiske produksjonsbedrifter
4. Sterkere samarbeid med FoU-miljøene i regionen
5. Økt satsing på internasjonalt salg og skalering
6. Få etablert flere virksomheter i regionen. Få nasjonale og internasjonale virksomheter til Osterøy.
7. Vektlegge kompetanse innen nye forretningsmodeller som omfatter digitalisering, fornybare ressurser, sirkulær-økonomi, robotisering, effektiv produksjon eller smart spesialisering
8. Økt tilgang på kapital til Osterøybedriftene

IUV bidrar årlig med flere millioner kroner til gründerselskaper og etablerte selskaper i regionen. De ser etter gründere og bedrifter som ønsker å få til noe nytt som har markedsmuligheter.

Har du en god forretningsidé, spennende produkt eller ønske om å utvikle bedriften din? Da kan du søke opptak hos Industriutvikling Vest og få tildelt midler.

Mer informasjon på
**industriutviklingvest.no**

# Dialog og samarbeid med alle relevante aktører innen næringsutvikling

I vår region samarbeider vi tett med alle relevante aktører med mål om å skape økt innovasjon og utvikling i næringslivet på Osterøy.

- Vi jobber tett med Osterøy Industrilag og Osterøy Reiselivslag, og vi deltar aktivt i ulike samhandlingsfora for næringsutvikling der vi treffer næringssjefene og andre aktører som jobber med næringsutvikling i de andre kommunene i Bergensregionen.
- Vi samarbeider med Nordhordland Næringslag, spesielt om Kompetanseprosjektet. Vi har også startet planlegging av samarbeid om ulike frokostmøter og fagsamlinger.
- Vi deltar aktivt i Vestland fylkeskommunes ulike samhandlingsfora for næringsutvikling og vi har tett dialog med Etablerersenteret og Invest in Bergen.
- Vi har tett dialog med Region Nordhordland IKS og deltar aktivt i ulike møter og prosjekt knyttet opp mot UNESCO Biosfære satsingen **nordhordlandbiosphere.no.** Vi satt også i arbeidsgruppen som utarbeidet Regional Næringsstrategi for Nordhordland.



STOLT MEDSPELAR – Nordhordland UNESCO Biosfære

### Invest in Bergen

Invest in Bergen er det offisielle Investment Promotion Agency (IPA) i Bergensregionen, også kalt Foreign Direct Investments (FDI). Invest in Bergens overordnede mål er å få flere bedriftsetableringer og investeringer i Bergensregionen. I tillegg er de ansvarlige for å ta imot enkelte delegasjoner som kommer til regionen.

Invest in Bergen er finansiert av 17 kommuner og av Vestland fylkeskommune. Kommunene betaler fire kroner per innbygger, Fylkeskommunen matcher beløpet. I 2021 undertegnet man en avtale for fire nye år, frem til 31.12.2024. Osterøy kommune er med i samarbeidet.

### Næringsarealer

Invest in Bergen har en god oversikt over hvor det er ledige næringsareal i Bergensregionen – i eksisterende næringsparker og nye arealer under utvikling. Under «Commercial sites» på deres nettside får du oversikt over større ledige areal i regionen. Utbyggingen på Espevoll er i gang og næringsområdet på Espevoll er selvsagt med i oversikten til Invest in Bergen.
Vidar Totland i Invest in Bergen har vært en viktig støttespiller i arbeidet med Espevoll. Han har deltatt i flere møter både med kommunen og utviklerne av Espevoll Næringsområde. Her er han en viktig ressurs når det gjelder vurderinger av næringsområdets rolle og attraktivitet i en regional kontekst opp mot ulike næringssegmenter. Og han bidrar positivt ved å koble på ulike potensielle kunder og samarbeidspartnere.
**investinbergen.no**



*Frå møte om utvikling av Espevoll Næringsområde. F.v. Vidar Totland, Nils Skjerping, Kåre Romarheim og Even Skjerping.*

### Etablerersenteret

Etablerersenteret er et offentlig tilbud til gründere, og et spleiselag mellom Vestland Fylkeskommune og en rekke kommuner som tilhørte Hordaland før sammenslåingen . Kommunene betaler tre kroner per innbygger, Vestland fylkeskommune matcher beløpet. Osterøy kommune er med i samarbeidet.



Etablerersenteret tilbyr etablererkurs og rådgivning til gründere. Du kan bestille gratis veiledningstime og melde deg på kurs her: **etablerersenteret.no**

### Kompetanseforum Nordhordland

Fylkeskommunen leiar arbeidet med Kompetanseforum Vestland som er eit samarbeidsorgan for kompetansearbeidet i Vestland fylke. I tillegg har kvar region sitt eige kompetanseforum som er sett saman av representantar frå NAV, opplæringskontor, karrieresenter, rektorar frå vgs., kommunane og lokalt næringsliv. Hovudmålsettinga for dette arbeidet er å få til eit godt samarbeid mellom utdanningane i regionen og arbeidslivets behov for arbeidskraft. Her vert det gjort ein god jobb i Nordhordland!

Prosjektleiar i Kompetansesenteret for Robotteknologi Vidar Tufteland, har lang erfaring med arbeidet i Kompetanseforum Nordhordland og representerer næringslivet på Osterøy. Nordhordland Næringslag er sekretariat for forumet.



# Reiselivssatsing

*«Det er avgjerande for oss at me har nokon som Osterøy Utvikling med kompetanse og oversikt når me skal utvikle reiselivs- og kulturtilboda vidare.»*

*Lars Magne Bysheim, Den Grøne Fabrikken*

**Omdømmebygging, profilering og marknadsføring**
Osterøy Utvikling samarbeider med Osterøy Reiselivslag og visitBergen for å organisere og gjennomføre visningsturar for ulike reiselivsaktørar, journalistar og potensielle kundar. Osterøy Reiselivslag står nå for drift og oppfølging av desse etablerte kommunikasjonskanalane: visitOsteroy nettside, Facebook-side og Instagram konto.

Vi meiner det er særs viktig at alle reiselivstilboda på Osterøy nå er samla under ein felles paraply, og at arbeidet med å kommunisere tilboda er profesjonalisert, koordinert og at det skjer i tråd med ein fast plan. Dette vil og sikre at Osterøy Reiselivslag får fleire medlemmar.

## Produktutvikling

**Osterøykjennar**
34 personar deltok i 2022 på guidekurs i regi av Osterøy Reiselivslag og Osterøy Museum. Geir Kleiveland var kursholdar. Kurset vart finansiert av BIO-midlar.

**Covid-19 reiselivsprosjekt**
**- Bookbare reiselivsopplevingar**
Osterøy Utvikling fekk Covid-19 middel som skulle nyttast til allment arbeid for styrking av Osterøy som reisemål.




Åtte verksemder deltok på to arbeidsverkstader. Saman jobba me fram fleire pakkar med ulike opplevingar som kunne kjøpast online på visitOsteroy.no. Pakkane vart marknadsført gjennom ein kampanje på Facebook og Instagram som visitBergen hjelpte oss med å lage.




*Facebook-annonse sumarkampanje pilotar 2022*

**Regionalt samarbeid**
Osterøy kommune er med i samarbeidsavtalen kommunane i Region Nordhordland har med visitBergen. Og Osterøy Utvikling er engasjert i reiselivssatsinga på Osterøy på vegne av kommunen. I 2022 vart det sett ned ein regional reiselivsgruppe som skal kome med innspel til visitBergen når det gjeld oppfølging av avtalen. Dagleg leiar i Osterøy Utvikling og Per Erik Myking frå Osterøy Reiselivslag representerer Osterøy i denne gruppa som vert administrert av Region Nordhordland IKS.



## Utvikling av Kossdalen - Berekraftig destinasjonsutvikling

Osterøy kommune og Mjøsdalen IL har i samarbeid med Osterøy Utvikling satt i gang eit utviklings- og vedlikehaldsprosjekt for Kossdalen.

**Dei langsiktige måla for prosjektet:**

- Å forankre Kossdalen som tur- og rekreasjonsområde i lokalt/regionalt perspektiv
- Ta i vare kulturarven som Kossdalsvegen er i seg sjølv
- Utvikle Kossdalen som opplevingsattraksjon
- Sikre at besøkande til Kossdalen legg att pengar hos lokale tilbydarar av overnatting, kultur og opplevingar. Kossdalen er hovud-attraksjonen og årsaka til at folk legg turen til Osterøy. Kva «serverer» vi dei som kjem, kva for nokre tilleggsprodukt får dei?

**Status så langt:**

- Stor deltaking frå ulike aktørar på informasjonsmøte og synfaring i april 2022
- Kossdalens Vener er stifta
- Forvaltningsplan for området er under utarbeiding
- Osterøy kommune har løyva inntil 700 000 kronar til kritisk reparasjonsarbeid, eventuell sikring av berg og skilting



## No treng me ein reiselivsstrategi

Kossdalen og Bruviknipa får stor merksemd i sosiale medium, og trafikken til begge turmåla har vist ein eksplosiv auke. Dette gjev både utfordringar og mogelegheiter som krev at fleire aktørar samarbeider mot eit felles mål. Behovet for ein overordna og tydeleg reiselivsstrategi, samt plan for berekraftig utvikling av Osterøy som reisemål har vore drøfta med administrasjonen i kommunen. Styret i Osterøy Utvikling vil setje denne saken på agendaen til hausten for å avklare kva rolle Osterøy Utvikling skal ha i dette arbeidet.

**Korleis kan me kople reiselivssatsinga mot attraktiviteten til kommunen for å bidra til å byggje eit attraktivt lokalsamfunn?**
Reiseliv er ikkje berre ein næring, men også ein særs viktig del av attraksjonskrafta til kommunen. Difor er det mogelegvis naturleg å også kople reiselivssatsinga til samfunnsplanen til Osterøy.

**Fjord- og fjellbygdesafari**
**- Eit utviklingsprosjekt i regi av Osterfjorden Næringssamarbeid**

Osterfjord Næringssamarbeid er eit samarbeid mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen. Organisasjonen har sidan 2020 jobba med eit samarbeidsprosjekt innan lokalsamfunnsutvikling og reisemålsutvikling - kalla Fjord- og Fjellbygdesafari. Osterøy er representert ved Osterøy Industri- og Næringslag, og sekretær Åse Nilssen er prosjektleiar.

Målet for prosjektet er ei båtrute i Osterfjorden i sommarsesongen – frå Bergen med stopp på Osterøy, Vaksdal og i Modalen. Mjøsvågen/ Hosanger er plukka ut som destinasjon på Osterøy, i tillegg til Mo i Modalen og Stamnes i Vaksdal. Status p.d.d. er eit samarbeid med Fjord Cruise/ Vidar Hop Skyssbåtar om ein prøvepilot med destinasjonsutvikling allereie i 2024.



# Aktivitetar i 2022



### Fokus på berekraft og grøn omstilling

Me har invitert til fleire møter med ulike tema knytt til dette. Åsne Ådland-Dale, tidlegare leiar samfunnsansvar i Sparebanken vest og Ruth Brusdal, dagleg leiar i Norengros K.J. Brusdal fortalte verksemdene om grøne anbod, verdikjedar og taksonomi på eit praktisk nivå. Og korleis desse tema er aktuelle og viktige for absolutt alle verksemder.







### Besøk Næringsminister og miniseminar «Det Grøne Skiftet»

I samarbeid med Osterøy Arbeiderparti inviterte me næringsminister Jan Christian Vestre til Osterøy. Han var mektig imponert over det han fekk sjå hos Lobas. Etterpå opna han Kompetansesenteret for robotteknologi og deltok i samtale med Osterøy verksemder på miniseminaret «Det grøne skiftet».





### Hagefest Fjordslottet

Den årlege Hagefesten fyrste uken i juni kvart år har vorte ein viktig og populær møteplass for næringslivet. Her takkar Bjørn Øvsthus avtroppande sektorleiar for samfunnsutvikling Berit Rystad for godt samarbeid.



### Entreprenørdagen

Samarbeid med Etablerersenteret til fylket. Kræsjkurs i korleis starte eigen verksemd på 1-2-3. Og lærerikt program både for gründarar og etablerte verksemder med tema berekraft og digital marknadsføring.

F.v.: Leif Havre, Kristina Stokken driv eigen psykologverksemd, Runar Trellevik gründar av Tekslo Sjøsakeri Øygarden, Øyvind Reigstad frå Det Bergenske Kaffeselskap på Valestrand og Erin Bysheim som no har starta eigen frisørsalong - Vaag Frisør i Hosanger.











### Jobb og utdanningsmesse

**- Verksemdene på Osterøy må bli meir synlege for å kunne tiltrekke seg kompetanse og arbeidskraft.**

Den fyrste jobb- og utdanningsmessa på Osterøy vart ein suksess. Det vart ei «brei» messe på tvers av bransjar i næringslivet/kommunen/regionen, og ho var godt besøkt.

Messa var ei utviding av den tradisjonelle utdanningsmessa som har vore i Osterøyhallen tidlegare.

Jobb- og utdanningsmessa vart marknadsført både lokalt og utanfor kommunen. Me køyrte ei kampanje i sosiale medium og inviterte til møte for utstillarane i forkant av messa.

Messa vart arrangert av Osterøy ungdomsskule, Osterøy vidaregåande skule, Kompetansesenteret for robotteknologi, Osterøy Utvikling, Nordhordland Næringslag og NAV.





### Åpenhetsloven og roboter

I samarbeid med Osterøy Industri- og næringslag inviterer me til frukostmøter for næringslivet med ulike tema. Det var stor interesse da Inki Roald Brown og Gaute Lunestad frå PWC heldt innlegg om Åpenheitslova. Vidar Tufteland frå KORT fortalde om satsinga på Kompetansesenter for Robotteknologi.







### Bedriftsbesøk Svemko og Fjellskålnes Smed & Mek Verksted


















### Førjulstreff i Mjøsvågen

Førjulstreff for næringslivet med besøk på Mjøs Metallvarefabrikk og Den Grøne Fabrikken før vi enda opp på Mjøsvågen Landhandleri. Andre året me inviterte til Førjulstreff, så nå er det også blitt ein tradisjon!

Januar

Februar

Mars
- 11. mars
- 7 ulike datoer: Osterøy kjennar
- 31. mars Bedriftseminar

April

Mai
- 5. mai
- 19. mai Temakveld: Energi og Miljø i samarbeid med Osterøy MDG
- 31. mai Grønt frukostmøte

Juni
- 8. juni
- 23. juni Frukostmøte om sykefravær

Juli

August
- 27. august Solberg Marknaden

September
- 13. september

Oktober
- 25. oktober Frukostmøte i samarbeid med IUV. Kræsjkurs i virkemiddelapparatet

November
- 10. november
- 15. november

Desember
- 8. desember

# Aktivitetar i 2023




## Besøk av hovudutval Næring og Innovasjon

Både industri og reiselivsverksemder fekk presentere seg då Hovudutval for Næring og Innovasjon i Vestland fylke var på besøk.




## Frukosmøte med fokus på Næringsareal

Planavdelinga i Osterøy kommune orienterte om status for Kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Osterøy Entreprenør og Romarheim fortalde om arbeida og planane for Espevoll Næringsområde.




## Besøk på Mongstad med næringssjefene i regionen

Me deltek aktivt i ulike samhandlingsforum for næringsutvikling og treff jamleg næringssjefane og næringsutviklarane i dei andre kommunane.




## Vestlandsmøtet

Me fekk presentere robotøya Osterøy på Vestlandsmøtet til fylkesordførar og fylkesvaraordførar. F.v. i bilete nr. 2: Dagleg leiar i Osterøy Utvikling Tobby Sander Tomassen, dagleg leiar i Tysse Per Steinar Osmundnes, rektor på Osterøy vgs. Kari Bruvik og prosjektleiar i KORT Vidar Tufteland.




## Kick off VisitBergen

Osterøy Utvikling representerte Region Nordhordland og Osterøy på visitBergen sitt store kick-off for frontpersonell i Bergen. Smaksprøver frå Leiren laks og Fedje gjorde susen.



## Visningstur VisitBergen

Det er særs viktig at me inviterer på besøk til Osterøy å vise fram næringslivet og attraksjonane våre. I mars var me så heldige å få besøk av alle dei tilsette visitBergen.



## Paneldebatt Biosfæredagen

UNESCO biosfæreområde og UNESCO Chair-gruppa ved UiB arrangerte Biosfæredagen - den fyrste av sitt slag i Noreg!

F.v.: Atle Fasteland (kommunedirektør, Vaksdal), Tobby Sander Tomassen (Osterøy Utvikling), Ragnhild Gya (Naturvernforbundet Hordaland), Laila Bjørge (Landbrukskontoret, Alver), Kristin Nåmdal (Plan og analyse, Alver), Hallvard Oppedal (ordfører, Gulen), Asbjørn Nagell Toft (samfunnsplanlegger, Austrheim). Foto: Ruben Soltvedt




Foto: André Marton Pedersen

## Fjordtinget

For tredje året på rad samla leiarar i næringslivet, politikarar, forskarar og interesseorganisasjonar seg på Fjordtinget i Hardanger. Her drøfta me korleis me kan legge til rette for berekraftig, ny verdiskaping kring fjordane og i heile Vestland.

KORT og Osterøy Utvikling var med på toktet med Statsraad Lehmkuhl frå Bergen. Målet med toktet var å setje Osterøy meir på kartet, få endå fleire samarbeidspartnarar og snakke høgare om vår kommune. Og det greidde me!



## Industridagen i Nordhordland

Besøk hos Wergeland Group på Vidsyn i Gulen



## Hagefesten på Fjordslottet

For fjerde år på rad inviterte me til sumaravslutning på Fjordslottet. Den viktigaste uformelle møteplassen i året! Heile næringslivet på Osterøy og våre samarbeidspartnarar vert invitert til god stemning og gode samtalar med kjente og ukjente.




## Besøk frå regjering og storting

**Januar**
- 24. januar

**Februar**
- 16. februar

**Mars**
- 9. mars
- 13. mars
- 30. mai Informasjonsmøte BIO-midlar

**April**
- 17. april Besøk Northern Lights ifm. Ocean Week

**Mai**
- 12. mai Besøk av samferdselsministeren
- 13. mai
- 15. mai Frukostmøte Energitiltaksordningar
- 22.-23. mai

**Juni**
- 1. juni
- 6. juni Studietur til Raufoss
- 7. juni
- 8. juni
- 15. juni
- 19. juni Besøk av Alfred Bjørlo frå Venstre

# Korleis vil fremtidas landbruk på Osterøy sjå ut?

**Osterøy Utvikling er i gang med prosjektet «Retenke landbruket» kor vi skal identifisere moglegheiter og samarbeidspotensial for landbruket på Osterøy.**

«Retenke Landbruket» skal samla bønder og andre aktørar innan landbruket på Osterøy til ein type "tenketank" der vi skal mobilisere og inspirere til å tenke nye tankar når det gjeld utvikling av landbruket. Prosjektet handlar om å kartlegge moglegheitene innan landbruket på Osterøy i vid forstand. Altså skal vi og sjå på ulike koplingar og samarbeidsmoglegheiter opp mot anna næringsliv som reiseliv og industri. Prosjektet kan i tillegg vere ein type pilot for ein prosess og metode som kan bli brukt andre stadar i fylket.

Vi treng å få aktørane innan landbruket til å samlast og til å samarbeide på tvers om vi skal få til ein meir berekraftig utvikling av landbruket.
Bønder og andre aktørar innan landbruket treng å auke si inntening. Dei representerer og ein viktig ressurs når det gjeld berekraftig utvikling av kortreiste lokalmatprodukt og andre opplevingstilbod innan reiseliv som og er eit viktig satsingsområde for Osterøy kommune.



**Forprosjektet er gjennomført**
Osterøy Utvikling har i første omgang fått tilskot frå fylket til å gjennomføra eit forprosjekt. Her ynskte me å identifisere kva som eksisterer av initiativ og drivkraft i kommunen per i dag, og kva tankar me har om framtida.

Forprosjektet vart gjennomført i form av dybdeintervju med ulike aktørar. Innspel og idear frå forprosjektet skal legge rammer for korleis vi utforskar prosjektet vidare.

Det er ein føresetnad at bøndene og landbruksorganisasjonane ynskjer å engasjere seg og faktisk set av tid til arbeid med prosjektet, om Osterøy Utvikling skal kunne jobbe vidare med dette. Man må også diskutere kven som skal være prosjekteigar og driver av eit hovudprosjekt. Me avventer rigging av eit eventuelt hovudprosjekt til ny person er tilsett på landbruksavdelinga i kommunen.





*«God næringsutvikling er god samfunnsutvikling. Eg vil takka Osterøy Utvikling for godt utført arbeid og samarbeid i arbeidsåret.»*

*Ordfører Lars Fjeldstad.*

Osterøy Utvikling

Næringssmia
Lonevågen 33
5282 Lonevåg
+47 917 313 86
tobby@osteroyutvikling.no

**Osteroyutvikling.no**

***«Osterøy Utvikling har vært en god støttespiller i arbeidet med å videreutvikle Tøsse Mølle – både innen strategiarbeid og nettverksbygging. Ved etablering av Tøsse Brygghus – Osterøy sitt første håndverksbryggeri - koblet de oss med den lokale ølbryggeren Andreas Elvik Litland. Viktig at kommunen har en slik aktør som kan bidra i ideemyldring og koble sammen flere gode krefter.»***

*Per Helge Svensson,
femte generasjon mølleeier og medgründer
i nystartede Tøsse Bryggehus.*















***«Vi har et utstrakt samarbeid med Osterøy Utvikling. De fungerer som et koordinerende bindeledd mellom Visit Bergen og lokale næringsaktører, og bidrar i tillegg med nødvendig lokal kunnskap og kjennskap når vi gjennomfører PR-aktiviteter, visningsturer, filmproduksjoner og kommunikasjonsaktiviteter på Osterøy. For oss er dette samarbeidet uvurderlig.»***

*Anders Nyland,
reiselivsdirektør Visit Bergen*

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA
Bankgironr.: 3626.09.01448

Aktivitetsrapport utviklet i samarbeid med Pluss Grafisk · Trykket August 2023.